

Spørsmål til Fylkesutvalet 28.04.19 frå Anne-Beth Njærheim V

Torsdag 21.03 var det elevar frå vidaregåande skule på Bømlo som gjennomførte klimademostrasjon utanfor m.a. Bømlo rådhus.

Fredag 15.03 var det ein noko større klimademostrasjon i regionsenteret på Stord med elevar frå fleire Sunnhordlandsskular.

Då eg snakka med elevane som arrangerte demonstrasjonen på Bømlo 21.03 så hadde fleire av dei og deltatt på Stord 15.03 og det kom mellom anna fram at det var ulike praksis frå skulane om gyldig eller ikkje gyldig frávær.

Sitert frå e post eg fekk frå elevane:

*Kort sagt: Me på Bømlo vidaregåande skule fekk ikkje noko gyldig fravær. Dei på Stord VGs fekk gyldig fravær. Og til slutt dei på vidaregåande i Kvinnherad fekk gyldig fravær berre om du var i organisasjonen Sosialistisk Ungdom.*

*Har vel ikkje noko meir å tilføye. Må berre spørja vis du lurar på noko.*

Først vil eg sei at det er flott at ungdom engasjerer seg!

Det skal vel ikkje vere ulik praksis på fráværreglane? Fint med oppklarande svar på det, takk for hjelp.

Svortland 22.03.19 Anne-Beth Njærheim